

Bromander er svært skeptisk til fusjon:



KRITISK: Fagforeininga for politijuristane er redd for at dei spesialiserte fagmiljøa i både Økokrim og Kripos skal forvitra ved ei samanslåing.

ØKOKRIM

Av Anne Kari Hinna

Framtida for Økokrim og dei andre særorgana i politiet er uvisst etter at særorganutvalet la fram sin rapport.

Her blir det blant anna føreslått å slå saman Økokrim og Kripos til eit nytt nasjonalt organ for etterforskningsbistand, under Politidirektoratet.

I Klassekampen i går åtvara Økokrim-sjef Trond Eirik Schea mot ei samanslåing av Økokrim og Kripos. Han fryktar at færre kvitstipp-kriminelle blir tatt.

Spår hjerneflukt

Sverre Bromander, leiar for Politijuristane, som organiserer politijuristar i både Økokrim og Kripos, støttar Økokrim-sjefen.

– Eg er veldig redd for at dei to tunge fagmiljøa skal splittast opp og forvitra, rett og slett, seier Bromander.

– Eg er redd for at alle desse flinke folkane som jobbar i Økokrim og Kripos forsvinn. Det kan dei fort gjera. Då tar me fem skritt tilbake.

– Kvifor skal folkane forsvinna?

– Dei kan bli usikre på si eiga framtid og om kompetansen skal bli splittast opp. Flinker folk vil ha utfordringar, og då må det vera eit område som er spisst, som ein vil satsa på og som tar dei vanskelege sakene. Det er dei vanskelege sakene som er morosame for dei flinke folkane, seier Bromander.

For ekspertane i politiets særorgan er ettertrakta. Klassekampen har tidlegare skrivne om skattejuristar og politietterforskarar som blir lokka frå Økokrim til dei private revisjonsgigantane som PWC, Deloitte og EY Norge. Dei pri-

FAKTA

Økokrims framtid:

■ Økokrim er den sentrale eininga i politiet for etterforskning og påtale av økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet.

■ Eit offentleg utval (Særorganutvalet) foreslår å slå saman Økokrim og Kripos til ei ny nasjonal bistands- og etterforskningsein, underlagt Politidirektoratet (POD).

■ Forslaget har hausta både sterk støtte og kraftig kritikk.



Klassekampen i går

vate granskarane kan blant anna lokka med langt høgare lønn.

– Står seg

Særorganutvalet tar også til orde for å skilja mellom etterforskningsansvaret og påtaleansvaret i arbeidet med økonomisk kriminalitet. I dag er begge desse rollene integrert i Økokrim.

Også dette forslaget er Økokrim-sjef Schea kritisk til.

Økokrim-sjefen får støtte frå Tor Langbach.

– Schea har eit poeng at i det er spesielle saker, seier Langbach.

Langbach var fram til 2013 direktør for Domstoladministrasjonen. Han er jurist og har jobba som advokat og dommar. Nyleg leia han arbeidet for påtaleanalysen på vegner av Justisdepartementet. Rapporten om påtalemakta si rolle blei levert justisminister Per-Willy Amundsen (Frp) i mars.

– Diskuterte de å oppretta eit skilje mellom etterforskningsansvaret og påtaleansvaret i arbeidet med økonomisk kriminalitet?

– Me var innom det så vidt. Men me har ikkje gjort oss opp noko meinig.

Sjølv meiner Langbach at dagens modell står seg.

– Ein leverer nok godt med ordningar ein har, føresett interne kvalitetssystem som gjer at fleire ser på ei sak.

– Er det noko med jobben Økokrim har gjort som gjer at det er behov for endring?

– Nei, eg synst ikkje det. Det er ein svært komplisert materie, der nærleik mellom etterforskning og påtaleansvarleg er eit pluss, men med den fara som ligg at avstanden kan bli for kort, seier Langbach.

Også Bromander sat i påtaleanalyse-utvalet.

Leiar for særorganutvalet seier at for andre alvorlege straffesaker er det friske auge som ser på påtalespørsmålet.

– Utvalets resonnement er at i alle alvorlege saker bør det vera friske auge som ser på spørsmålet om påtale, seier utvalsleiar Anne Chatrine Føstrup.

annekari@klassekampen.no

ØKONOMEN SVARER



LØNN: Staten bør tilby alle arbeidsledige jobb til en minstelønn som er lavere enn markeds lønnen. FOTO: NTB SCANPIX

Krona og egget

Trenger staten skatt for å finansiere sine utgifter?



Roman Eliassen
SKATT

De siste årene har en ny økonomisk teori, Modern Monetary Theory (MMT), fått stadig mer oppmerksomhet. En av teoriens påstander er: Staten trenger ikke skattlegge for å bruke penger. Det er tvert imot omvendt, hevder MMT-økonomene: Staten må bruke penger for å skattlegge! Hvordan kan det ha seg?

Staten bestemmer hva som er gangbar mynt i landet ved å kreve at skatt betales i denne enheten: Norske kroner aksepteres som betalingsmiddel i Norge fordi alle må gjøre opp sin gjeld til staten – skatt og bøter – med disse.

Ifølge MMT skaper staten penger når den betaler for varer og tjenester, og penger trekkes ut av sirkulasjon når vi betaler skatt. En stat som har sin egen valuta kan derfor bruke så mye penger den vil og slik velge nivået på arbeidsledigheten. Staten er ikke begrenset av statsbudsjettet, og skiller seg dermed vesentlig fra en husholdning (som ikke kan bruke mer penger enn den tjener), noe mange økonomer og politikere strever med å forstå.

Slikt snakk om å finansiere utgifter med «seddelpressen» maner frem inflasjonsspekulset. Det vil MMT fordrive med sitt politiske forslag for å sikre både full sysselset-

ting og lav inflasjon: jobbgaranti. Staten bør tilby alle arbeidsledige jobb til en minstelønn som er lavere enn markeds lønnen. Denne lønnen fungerer som et anker som holder lønns- og prisnivået nede, samtidig som man sikrer arbeid til alle, hevder MMT. Og slik blir venstresidens våte drømmer virkelighet med et pennestrøk?

Slik kan det i det minste fungere i teorien. I praksis finansierer de fleste stater utgifter med skatteinntekter fra sin konto i sentralbanken og låneopptak. (Den norske staten dekker underskudd gjennom oljefondet i stedet for å låne). MMT hevder praksisen er en selvpåført begrensning som bør fjernes ved å slå sammen finansdepartementet og sentralbanken slik at finansdepartementet kan skape pengene direkte. Om man gjør det, får MMT rett i at «skattefinansierte utgifter» er et meningsløst begrep.

Konsekvensene av det er kanskje ikke så store. Men teorien klargjør noen viktige poenger. Ufrivillig arbeidsledighet er meningsløst, og det er ingenting i veien for at staten sysselsetter de ledige, som vi har lært av Keynes. MMT påpeker også at underskudd i offentlig sektor er en forutsetning for overskudd i privat sektor, og motsatt (når vi holder utenlandsk sektor utenfor) – sektorene summerer seg per definisjon til null. Slike innsikter er et viktig korrektiv til tvilsom høyreretorikk om innstramming i offentlig sektor og farlig statsgjeld, og vel verdt for folk på venstresiden å sette seg inn i.

Roman Eliassen, samfunnsøkonom og forfatter av «Hysj, vi regner!»

Lurer du på noe om samfunnsøkonomi, så skal våre økonomer gjøre sitt beste for å svare. Send inn ditt spørsmål til okonomi@klassekampen.no



Askill Halse

Anna Godøy

Roman Eliassen

Jørgen Juel Andersen

Sara Cools